

# FISKERIDIREKTØREN

5001 Bergen, 15.11.1979  
LG/BHG

Aek.no. 412.5 TORSK

## MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN

\*\*\*\*\*

J. 185/79

### REGULERING AV TRÅLFISKET ETTER TORSK NORD FOR 62°N.BR. I 1980. REGISTRERING FOR DELTAKING I FISKET.

I samband med regulering av trålfisket etter norsk-arktisk torsk i 1980, er det naudsynt med fullstendig oversikt over dei fartøy som ønskjer å delta.

Rederia blir difor bedt om så snart som råd, og seinast 1.desember d.å., å sende inn søknadsskjema om registrering i utfylt stand.

Fiskeridirektøren vil understreke at registreringsordninga gjeld alle fartøy som ønskjer å delta i trålfisket etter torsk nord for 62°n.br. i 1980, også om fisket først vil ta til i slutten av året.

Unnateke frå registrering er fartøy som kun vil fiske torsk som bifangst til anna trålfiske.

Søknader må vere postlagt innan 1.desember 1979.

Søknadsskjema kan ein få hos fiskerisjefane, Fiskebåtredernes Forbund, Norske Trålrederiers Forening, Sogn og Fjordane Fiskesalsslag, Sunnmøre og Romsdal Fiskesalsslag, Norges Råfisklag og Fiskeridirektøren.